

Krånketida - 1800 til 1830

Av Ingvald Tomren ca 1935

Ingvald voks opp i Tomren-huset i Ullahammaren. Han var son til Helene og Andreas Tomren som hadde ei stor familie. Ingvald hadde 9 søsken.

I denne del 2 skriv Ingvald om krånketida som varde frå ca 1800 til 1830.



Sist i 1790-åra enda den rike oppgangstida i Haram som på folkemunne vart kalla kronetida. Og i staden kom no den tyngste nedgangstida i den nyare Haramssoga. Krånketida var det vanlege namnet som denne tidsbolken fekk, og den varde stort sett til 1830 åra. I Haram tala dei ikkje så mykje om uåra på land som uåra på sjøen. Det tok brått slutt med det ovrike torskefisket. Med nokre unnatak einskilde år heldt torsken seg borte til sist i 1820-åra. Sume år var fisket så å seia svart. Ufredsåra fyrst i denne tidsbolken gjorde det sjølv sagt ikkje lettare for folket. Den rikdom og velstand som Haramsfolket vann sig i Kronetida frå 1750 til 1790, gjekk det snøgt ut med og det vart krånkt og tungt for folk flest å greia seg. Det var dette som laga namnet Krånketida.

Eitt ljospunkt var det likevel denne tida og. Det var Storeggfisket som gav største fengda og beste innkoma. Til ut i 1830-åra var også brugdefisket bra. Av det sokneprest Nicoll har skriva i kallsboka for Haram ser det ut til at Storeggfisket var bra årvisst i tida frå 1800 til ut om 1814. Tienda av dette fisket som Nicoll har ført opp, tyder på det. Det kan høyrast utruleg ut at dei våga seg heilt ut på Storegga i krigsåra då faren for å kunne bli teken av dei engelske blokadeskipa var heller stor. Likevel er det visst at dei var der kvart år. I 1806

fekk presten vel 38 rdl i tiende av sumarfisket og i 1807 22 rdl. I 1813 var det eit godt sumarfiske. Det var sers godt ver det året, og det var Haramsbåtar på Storegga så seint som sist i august. Frå 1814 til 1820 var det heller vanskeleg å få selja turrfisken så det vart gjerne drive noko mindre i dei åra.

Vanskar med avsetnaden var det i krigsåra og. Handelsmennene ute på bygdene kjøpte likevel fisk av øyefolket så langt det var rå eller bytte i varer. Handelsmann Danholm i Dryna som hadde mykje handel med fiskarbøndene i Haram, skreiv om tilhøva i 1808 at han hadde teke imot varer av bøndene "uaktet der ingen afsetning var på fiskevarer og andre producter". Det er nok ikkje tvil om at Storeggfisket desse åra i stor mon berga Haramsfolket få mykje liding og matløyse. På Storegga fekk dei alltid noko kveite og litt uer. Dette gav rikeleg med godt suvl, og dei slapp futhungeren og andre leie mangelsjukdommar. Og om pengeinnkoma var skral det krigen hadde største skulda for – kom dei seg gjennom Krånketida med liv og helse som dei sa.

Styremaktene gjorde ingen ting til framhjelp for fisket. Derimot hadde dei to landbrukselskapa på arbeidsprogrammet sitt om framhjelp av eggafisket og. Såleis drøfta dei spørsmålet om større og betre farkostar til fisket på Storegga. Romsdalpract. landhuusholdningsselskap sette opp ein premie på 20 rdl i 1804 til bygging av dekksbåtar til havfiske. Men denne premien vart ikkje nytta. Som ventande var i ei nedgangstid som no kom. Når ikkje handelsmennene såg seg syn til det eller hadde interesse for det, var det ikkje ventande at nokon annan torde ta vågnaden med det om viljen var der og trua på at det ville svare seg.

Tanken om dekksfarty kom opp att i 1829. Det var amtmann Krogh som sette han fram då. Han skreiv i meldinga si det året. "For at fremme fiskeri med dæksbåder på de såkalte Storeggens banker ved Sundmøre fogderi enten at udruste et dæks fartøi til bemeldte fiskeri eller at offerere et pengebelø til en eller anden nyttig indretning i districtet". Dette førde heller ikkje til noko. Det var berre eit papirvedtak. Sunnmørsåttringen vart framleis eggabåt. Sist i 1820-åra tok torskefisket seg oppatt, og frå 1830 til 1850 var det til sine tider rett bra. Men endå rikare vart det i tida frå 1850 til fram mot 1880. Storeggfisket heldt likevel ved heile bolken. Utgjennom 60-åra vart det fleire utskiftingar av gardane i

Haram. Med det fylgde utflytting av tuna og nybygging av hus. Med dette stod på vart det mindre tid til fiske om sumaren men ikkje slik at Storeggfisket likevel stogga heilt. Det var alltid ein kvan som dreiv kvar sumar om det så var berre ein eller to turar.

Ut i 1830 åra kom den fyrste omlegginga av driftsmåten på Storegga. Den eldgamle djupssokna vart etter kvart utskift med lina. Dei billege engelske onglane kom no i handelen, og det vart serleg det som gav vilkåret for ei slik omlegging. Onglane var i røynda det einaste dei kjøpte. Linetoget, kjenslene og iltoget la dei sjølve av hampetråd som dei spann heime på gardane. Eit slikt Eggabruk den tida var 100 til 200 onglar på kvar mann. Til bøyer nytta dei store kaggar med stong og flagg på. Lina engde dei i stampar, og dei sette og drog frå åttringen. Fire mann andøvde med dei drog. Arbeidet vart sjølv sagt ein god mon lettare no enn då dei fiska berre med handsnøre. Noko omskifte i denne driftsmåten vart det ikkje med åttringen var egga-båt.

I denne tidsbolken kom det og etter kvart eit skifte i omsetningsforma. Det vart til det at dei for kvar tur selde fisken fersk til handelsmenn. I Haram var det handelsmennene i Ullahammaren som kjøpte mykje av sumarfisken. Likeeins var Dryna ein mykje nytta handelsplass. Etter at Ålesund vart kjøpstad i 1848, gjekk og mykje av ferskfiskeysalet dit. Ein vanleg bra lut av ein Storeggtur var denne tida 5 spd. Det var longa som gav største pengeverdet. Prisen gjekk mykje på 8 sk stykket. Kveita var billeg når ho vart seld fersk – 2 til 2 ½ ort våga. Det er ikkje mange pålitelege meldingar ein har om samla fiskemengd og utbytte av Storeggfiske i dei einskilde år. Det er helst den fangsten som var til handelsmennene som kom med i oppgåvene. Det fiskarane sjølve tilverka og selde kom mindre med. Mykje av brosma vart til ut i 60-åra omsett på Romsdalsmarknaden, og kom ikkje med i oppgåvene. Kveitereklingen sameleis. Etter meldingar frå lensmanden i Haram, Amund Fjørtoft, var Storeggfisket og sumarfisket elles nokso bra i 1830-1839. Men amtmann Krogh skreiv i 1836 at "fangsten av longe og brosme og kveite er meget indbringende i Haram". 1840 til 1842 er oppgåva 924 våger longe og 409 våger brosme. I åra 1845 til 1847 var fisket mindre men rett bra i 1848. I tiåra 1851-1860 var det godt fiske på Storegga. Sameleis var det ut gjennom 60-åra. I 1866 selde Haram

longe og brosme for 1000 spd og for 1867 er oppgåva 600 våger longe og 620 våger brosme. Det såg ikkje ut til at amtmann Thesen hadde sers mykje til overs for Storeggfisket. Øyafolket vanakta for mykje gardane sine med det, trudde han, og det vart alt for lite jord oppdyrka. "Storegg-fisket bedrog mest til at øge det store kvantum av klippfisk", skreiv han i ei tilføyning til ei av årsmeldingane.